

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

Ikkje alt kan eller skal digitaliserast!

Eit år med korona har gitt store utfordringar også for oss som driv legeutdanning. Status har vore meir eller mindre stengt universitet fram til sommaren, før vi skulle opne opp i haustsemesteret. Sidan har det som kjent vore opp og ned, med stor oppblomstring i studentmiljøa tidleg på hausten, så ro for nye restriksjonar i Bergen før jul.

Mantraet har vore digitalisering, og vi har på få månader gjort store steg når det gjeld teknologi og metodar i undervisninga vår. Dette vil vi ha igjen for etter pandemien, og alt kjem slett ikkje til å bli som før når pandemien er over. Men alt kan ikkje digitaliserast og digitalisering er ikkje svaret på alt.

Profesjonsutdanning i helsefag, som legeutdanning, kan rett og slett ikkje gjerast utan brot på allmenne smittevernreglar. Dette paradokset kan det vere vanskeleg å forstå både for folk flest, andre utdanningar, administrativt tilsette og av og til frå studentane sjølv. Men både kunnskapsdepartementet og helsetenestene har gitt tydeleg signal: Utdanninga må halde fram slik at vi får det helsepersonellet vi treng, at vi autoriserer like mange og med same kvalitet som før. Det gjer at til dømes legeutdanninga må ha dispensasjonar frå ein del reglar som gjeld for andre studenter. Studentane våre må rett og slett ta på pasientar, på kvarandre, på utstyr, drive ferdighetstrening og ha praktisk eksamen, også i koronatid.

Etter kvart har vi fått dette til. Praksis har gått om lag som normalt, kommunikasjonstrening, kurs og klinisk undervisning blir gjennomført. Men kompensierende tiltak er viktige, og basert på strenge risikoanalyser prøver vi å finne den rette balansen mellom studieplan og auka smitterisiko.

Ved starten av 2021 er vi nesten a jour med studieprogresjon, praksis og praktisk eksamen i medisinstudiet. Studentane våre har vore flinke med smittevernet. Like over 1 % av legestudentane er blitt smitta, raten er lågare enn hos den generelle befolkninga i Bergen. Gitt alder, butilhøve, tilleggsarbeid i helsevesenet og eksponeringa i utdanninga, er dette eit godt resultat.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

Nye folk i vitskaplege stillingar

Fagområde for allmenmedisin har dei siste månadane fått nye folk i fleire stillingar:

Ingrid Keilegavlen Rebnord har starta i fast stilling (50%) som førsteamanuensis. Ho er fastlege i Øygarden og har vore forskar ved Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (NKLM). Ho har doktorgrad om luftvegsinfeksjonar og antibiotikabruk hos born på legevakt.

Kathy Ainul Møen har starta i bistilling som førsteamanuensis (20%). Ho er fastlege ved Alrek legesenter i same bygg som instituttet, og stillinga skal vere eit bindeledd med legekantoret og forskning og undervisning i allmenmedisin. Ho har doktorgrad om fastlegar og innvandrarskade.

Nicolas Øyane har starta i bistilling som førsteamanuensis (20%). Han er leiar av SKIL (Senter for kvalitet i legekantoret) i same bygg som instituttet. Han har doktorgrad om søvn.

Allmenmedisin i Malawi og Zambia

NORAD har ei rekke program for styrka forskning og utvikling på helsefeltet i utviklingsland. Fagområde for allmenmedisin har tidlegare hatt samarbeid om styrking av akademisk allmenmedisin i Malawi. Nyleg fekk miljøet tildelt 20 millionar kroner over seks år til eit nytt stort prosjekt kalla PRIMary health Care leaders Education (PRICE). Prosjektleiar er førsteamanuensis i allmenmedisin Thomas Mildestvedt.

Føremålet med prosjektet er å styrke primærhelsetenesta i Malawi og Zambia. Begge land slit med få og dels lite kvalifiserte helsearbeidarar. Prosjektet skal auke både talet på helsearbeidarar og utdanningsnivået. Det skal satsast på utdannings- og forskingsprogram både på bachelor, master og ph.d.-nivå i desse landa.

Gjennom samarbeid med organisasjonen PRIMAFAMED sitt nettverk skal resultatene spreidast til fleire land i Afrika. Prosjektet er leia frå UiB, med partnerar frå College of Medicine i Malawi, School of Public Health, University of Zambia, og Stellenbosch University i Sør-Afrika.

Stipend frå AMFF

Allmenmedisinsk forskningsfond (AMFF) har hatt tildelingsmøte for eittårige stipend med oppstart våren 2021. Fondet har om lag 15 millionar kroner å dele ut i året. Tre søkarar frå vårt miljø vart kvar tildelt midlar til halv stilling: **Siri Dalsmo Berge**, fastlege i Arendal, om samlivsproblem på fastlegekontoret.

Jesper Blinkenberg, fastlege i Askøy, om øyeblikkelig hjelp innleggelse i sykehus.

Ina Grung, allmenlege i Bergen, om depresjonsomsorg i allmenpraksis.

Millioner til flere og bedre praksisplasser

Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (Diku) har tildelt 10 millioner kroner til prosjektet «Flere praksisplasser og bedre veiledning for medisinstudenter på fastlegekontorene». Totalbudsjettet for prosjektet er på over 18 millioner kroner for 2021-2024.

Prosjektet utgår fra det allmenmedisinske miljøet med professor Steinar Hunskaar som prosjektleder. Formålet er å bidra til at medisinstudentene i Norge har et tilstrekkelig antall praksisplasser i primærhelsetjenesten, med god kvalitet og kompetente veiledere.

Prosjektet skal kartlegge, utvikle og prøve ut nye modeller for praksis for medisinstudenter, med mål om flere praksisperioder, samt utvikle en ny veilederutdanning hos praksisveilederne.

For det aktuelle prosjektet er det inngått partnerskap med Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest, som omfatter kommunene Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Masfjorden, Osterøy, Vaksdal og Voss. Det er i de rundt 90 fastlegekontorene i disse ni kommunene de ulike modellene for praksis først skal prøves ut, mens kartleggingsdelen av prosjektet dels vil være regionalt (Helse Vest) og dels nasjonalt.

I siste del av prosjektet skal det utvikles og prøves ut en nasjonal praksisveilederutdanning på masternivå rettet mot fastleger, fortrinnsvis digitalt i kombinasjon med veiledertrening individuelt og i grupper.